

MÅL 2017 – 2019




Inn Vågen i Bergen

**Ein kort oversikt over rehabilitering og oppgraderingar
som er planlagt resten av 2017, 2018 og 2019**



SLIPPING hausten 2017

Forutan det vanlege vedlikahaldsarbeide ved slippinga dei neste åra, så har vi fått pålegg frå Sjøfartsdirektoratet om å skifta stålplater (hudplater) i diesel tankar, både på styrbord og babord side. Tidfrist for dette pålegget er hausten 2017. Spant må kanskje også skiftast i dette området, men det er vanskeleg å få heilt oversikt på dette før ein begynnar å opna opp.



Det er platene i dette området som må skiftast hausten 2017.

Gjeld dieseltankar på babord og styrbord side.

SLIPPING i 2018




Ved slipping i 2018 må alt stål aktenfor dieseltankar som er undermål (mindre enn 6 mm) skiftast. Ut i får tykkelsemålinga så visar dette at det gjeld både babord og styrbord side. Blir ein del arbeid med dette, sidan all innreiing i dei 3 lugarane akter må demonterast pga. brannfaren. Vidare så skal dette monterast opp igjen nøyaktig slik det var før demontering.

VINDUSVENTILAR



Tidlegare år, så har vi i 3 omganger skifta 33 vindusventilar på nedre dekk.
Då står det framleis att 10 ventilar å skifta, så er alle ventilane på hoved-dekket skifta. Vi håpar at vi får skifta dei siste i perioden 2018 – 2019.
Nye vindusventilar er allereie kjøpt inn, og ligg klar for snarleg montering.

BÅTDEKK




Båtdekket er også noko som vi må
gripa tak i dei neste åra.
Det er ein del råteskader,
samtidig at vi har lekkasjar fleire stader.
Så vi ser for oss ein større utbetring på
dette området.
Mest sannsynleg må heile båtdekket
skiftast.

FENDERLIST

Fenderlista rundt fartøyet er også i därleg forfatning. Våren 2013 fekk vi skifta ca. 8 meter av den øvre fenderliste akter. I neste omgang er det ynskjeleg med å skifta 10-12 meter fenderlist frå ankeret og akterover på både sider. Vidare så skal fenderlista tilbakeførast slik den var tidlegare, med ein sving over og rundt ankera på både sider. Skottplata i øvrekant av ankeret skal også senkast til same nivå som før. Føringsrøyret frå dekk bakk og ned til kjettingkassen må også skiftast



Her ser vi fenderlista gå over og rundt ankeret.



Slik det er i dag, så stoppar fenderlista i akterkant av ankeret

RØYR I MASKINROM

I maskinrommet så står dei originale motorane frå 1956/1957 framleis intakt. Med så gamle motorar, så vil det stadig være utfordringar i forbindelse med delar og vedlikehald. Vi har ein del røyr som må reparerast og skiftast ut, samt noko elektrisk som også må skiftast og reparerast. Som ein ser så ser det på meter på meter med røyr av forskjellig slag i maskinrommet. Mesteparten er frå 1957, så det seier seg sjølv et det er moden for utskifting.



Alle røyr har ein funksjon....



Her ser ein eksempel på naudløysingar.....



Hovedmotoren burde også fått ei fullstendig overhaling med «stempelsjau»

SKORSTEIN



Eit ledd i tilbakeføringa til 1979 utgåva av VESTGAR, er å få flytta skorsteinen fram igjen der den stod tidlegare. Som ein ser på biletet over, så blei skorsteinen flytta lenger akterover av dei tidlegare eigarane av fartøyet. Ein ser det godt på biletet under som er frå 1979, der skorsteinen står lengre framme enn i dag. Men dette kostar pengar, så når vi får økonomi til det er vel i dag noko uvist.

Det neste som då står på programmet, er å kutta vekk dei tre siste glasa i overbygget, og flytta akterskottet fram igjen slik som det visar på biletet under.

